

Helse Bergen HF  
Haukeland Universitetssjukehus  
Postboks 1400  
5021 Bergen

<b>Dykkar ref:</b>	<b>Vår ref:</b> 2018/1420 - 21670/2018	<b>Sakshandsamar:</b> Reidun Rasmussen Mjør tlf 53491000	<b>Dato:</b> 26.06.2018
--------------------	---	---	----------------------------

## Uttale til utviklingsplan 2035

Viser til brev datert 23.05.2018 med utkast til utviklingsplan for Helse Bergen og invitasjon til å komme med høyringsuttale.

Planen gir ei god og informativ framstilling av utfordringsbildet knytt til framtidens spesialisthelseteneste. Helse Bergen har på ein god måte konkretisert innsatsområde, målsettingar og tiltak med utgangspunkt i overordna føringar.

I planen vert det framheva at Haukeland sjukehus, som regionsjukehus, legg vekt på å vidareutvikle god samhandling med sjukehusa i regionen. Frå Helse Fonna sin ståstad er dette viktig i forhold til både pasientbehandling, beredskap, utdanning, kompetansebygging, forskning og innovasjon. Vi slutter oss til felles tiltak som er nemde under punkt 6.2.11 *Vidareutvikle regionsjukehuset og samhandlinga med dei andre føretaka i regionen.*

I planen vert det peika på at rolla som regionsjukehus vil bli ytterlegare spissa framover gjennom sentralisering av teknologitunge og høgspesialiserte behandlingar og overføring av meir alminnelege behandlingar til andre sjukehus. Helse Fonna er samd i at denne utviklinga gjer det nødvendig å i samarbeide om vidareutvikle og tilpasse oppgåvedelinga mellom sjukehusa i regionen.

Venleg helsing  
Helse Fonna

Olav Klausen  
adm.dir